



## ÅRSMELDING RISNES IL 2022



**Styret:**

**Leiar:** Arne Andreas Riisnes

**Nestleiar:** Katrine Dåe

**Styremedlem:** Anne Merethe Reknes, Katrine Dåe, Roger Halland, Kjersti Areklett Garmann

**Varamedlem:** Joakim Hindenes

**Kasserar:** Tone Haugsvær

**Valnemd:** Elisabet Birkeland og Lene Dingen Johansen

**Kontrollutval :** Marita Molland, Anita Larsen Andersen og Villmøy Asmundsen

**Leiarar i gruppene:**

**Sleirsfjellet Opp:** Tove Kristin Sleire Tistel

**Fjelltrimgruppa:** Gunn Marit Tangedal

**Allidrett:** Roger Halland

**Bading:** Tove Mette Fagerheim

**Guma aktiv Risnes IL:** Børst Magne Trå

**Trimkarussell:** Anne Merete Reknes

**Volleyball damer:** Christel Daae

**Risnes IL;**

- Har 96 medlemmer (sum av betalande medlemar)
- Er eit idrettslag knytt til Noregs friidrettsforbund og Skiforbundet
- Er medlem av Idrettsrådet i Masfjorden og er representert med 2 frå idrettslaget.
- Er eit av laga bak Nordbygda samfunnshus og skal vere representert årleg på årsmøte til Nordbygda samfunnshus og ved vår – dugnaden

- Er registrert i Grasrotandelen.no
- Har eiga webside og facebook side

2022 vart eit koronafrift idrettsår med normal drift for idrettslaget der ein har gjennomført ein god del aktivitetar i løpet av året.

Det er observert god deltaking på alle aktivitetar, og vi er nøgd med at nye aktivitetar som allidrett har godt og aukande oppmøte. I 2022 er det også kome nye innbyggjarar til Nordbygda frå Ukraina. Det er gledeleg å sjå at deltaking i idrettsaktivitetar kan vere ein god arena for integrering. Takk til alle medlemmar og aktivitetsgrupper som engasjerer seg for å skipe hyggelege aktivitetar for alle aldersgrupper.

Oppsummering av 2022 for dei ulike aktivitetsgruppene er slik:

**Sleirsfjellet Opp 2022 - ein juni dag skapt for motbakkefest!**

God deltaking, fint vær og blide folk

Arrangement i sin heilheit var av de betre som har vorte avvikla.

Eqtiming fungerte godt som alltid og forenkler arrangementet. Flinke og trygge folk som funksjonærar frå start til mål, gjer at løpet går som ein draum. Utfordringar ved påmelding, løyer folk på ein god måte og tolmodige deltakare smiler om kapp med sola.

Joel Dyrhovden vann årets motbakkeløp på tida 21.21, han gav oss og solid ros for sjølve arrangementet.

Beste kvinne og nr 4 totalt vart Anita Iversen Litleskare på tida 25.16 som og ikkje spara på superlativene etter løpet, som ho har delteke i fleire år.

25 spreke deltok totalt i konkurransklassen og vel 225 i trimklasse. Med Totalt 250 mennesker påmeldte, vart det ein kjempegjeng. I tillegg var mange med på myldring og underhaldning ved grennahuset. Ekstra kjekt var det å sjå so mange ungdommer samla som heia på kvarandre og sørga for god stemning ved premieutdelinga.

Vi kunne gratulerer 9.klasse med 1.premie som beste skuleklasse med 100% deltaking.

Vidare vart 7. klasse nr 2 og 3.klasse nr 3, alle fra Nordbygda skule

Den heldige vinnar av hovedpremie på kr 5000,- vart Frida Gullanger fra Kaland

Avisene skreiv om ein FOLKEFEST med løp, Kaffi, kaker og lapskaus i junisøl. Der Yngstemann som deltok var 2.5 mnd og truleg var det fleire yngre med enn før , skal me tolke deltakerlista. Veldig kjekt som alltid med deltaking musikalsk frå Masfjorden kulturskule, som stod for flott underhaldning.

Mange frivillige var med i år og. Alle like positive som i alle år. Det var som alltid, Trygt og godt med beredskapsbil og førstehjelpe på plass.

Parkering løyste seg fint i år og, takka vere positive grunneigarar.

Tilslutt må ein framheve sponsorar - som alle bidrige veldig godt for at løpet vert avvikla på denne måten- og til eit godt overskot som vert nytta for idrettslagsarbeidet igjennom året.

Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel takka for seg etter årets motbakkeløp, som dei starta i 2009.

Arbeidsgruppa har utenom dei to, vore Elisabeth Sleire, Andrine Sleire Tistel og Arne Andreas Riisnes

#### Oppsummering aktiviteter for barn og ungdom Risnes IL 2022

Risnes IL har i 2022 hatt organiserte treninger innendørs fra nyttår til påske og fra høstferie til jul der det har våre allidrett for 2 grupper. 2-4 klasse og 5-9 klasse. Det har våre volleyball for ungdomskulen og sirkeltrening for 10 klasse og oppover.

All idrett:

Dette var ein aktivitet som vart starta opp høsten 2021 og videreført i 2022. Dette har våre ein populær trening blant barn og ungdom.

Det har våre god deltaking, totalt har over 50 barn og ungdom delatt i løpet av sesongen. 2-4 klasse med 10-15 faste deltagara på kvar trening og i aldersgruppa 5-9 klasse har det vært ein fast gjeng på 20 -25 stk på kvar trening. Største utfordringa er at plassen i gymsalen er i minste laget med ei så stor gruppe, så musikkrommet har også våre tatt i bruk for å få gjennomført enkelte av treningane.

Det har blitt spelt ulike ball spel, som: kanonball, stikkball, hjørnefotball, handball, basketball, volleyball og innebandy. I tillegg har me hatt høgdehopp, sirkeltrening, stafettar, tikken og andre leik aktivitetar.

Deltakarane har våre positive og engasjerte. I 2023 er håpet å få delt gruppene opp i 3 slik at det ikkje blir så mange deltarar om gangen.

### Volleyball for ungdomskulen:

Det har vært volleyball trening for ungdomskulen der deltaginga ligger i snitt på 10stk pr trening.

### Sirkeltrening for 10 klasse og oppover:

Her har det vært 5 deltagarar i snitt, men ei auke mot slutten av sesongen, så håper dette er noko som kan bli meir kjent og populært etter kvart. Aktiviteten på denne treninga er sirkeltrening der alle gjer samme øvelse samtidig, med fokus på styrke ved hjelp av egenvekts øvelser.

### Trimkarusellen

I løpet av 2022 vart det gjennomført til saman sju rundar i trimkarusellen; tre om våren, tre om hausten, og avslutningsrunde med premieutdeling som vart flytta til rett over nyttår. Takk til lokale bedrifter som sponsar oss med fine premiar kvart år!

Opplegget vart gjennomført som tidlegare år, med deltaging anten i trimløypa eller i to ulike konkurranseløyper:

Trimløypa er ein enkel tur på ca. 2,6 km på asfaltert veg, som passar for alle, uansett alder og funksjonsnivå.

Konkurranseløypene med tidtaking er delt i to aldersklassar: Kort løype (2,0 km) for 1.-4. klasse, og lang løype (3,2 km) for 5. klasse og oppover.

I løpet av heile 2022 var det til saman 103 personar i alle aldrar som deltok på minst ein av dei sju rundane. Av desse var det 34 som deltok i konkurranseløypene med tidtaking.

### Fjelltrimmen

Det har vore 284 deltagarar og i skrivande stund er det 15504 innsjekk på fjelltrimmen. Av desse er det 52 born og 118 vaksne som har klart krava og vil få premie. Vandrepokalen var det Karin Sleire Johansen som vant i år med 504 innsjekkingar og 2883 poeng. Vera Birkeland får pokal for mest poeng for born mellom 0-11 år med 136 innsjekkingar og 771 poeng. Arve Antoni Oppedal fekk pokalen for born mellom 11-16 år, med 25 innsjekkingar og 124 poeng.

Poenga er rekna ut på sommarpostane som startar 1.april og vert avslutta 31.oktober. Men poenga kan ein samle heilt fram til 1.april 2023.

I år hadde me 50 ulike postar å velge mellom, dette har me fått gode tilbakemeldingar på.  
Den mest populære turen er Turløypa på Hosteland som er ei løype så alle kan komme fram  
på både på beina og på hjul. (5993 innsjekk).

Fjelltrimappen hadde litt startvanskar dette året , men med Rune og Espen som gode  
hjelparar gjekk det seg godt til. Det har vore plassar der det er litt dårlig dekning, då er det  
berre å sende desse karane sms med tid og stad så legg dei deg inn i appen.

Me hjelper til slik at Nordhordaland turlag har 7 onsdagsturar med turleiarar her i  
Nordbygda.

Styret har bestått av Norunn Rambjørg. Heidi K. Andvik, Gunn Marit Tangedal og Espen  
Angeltveit.

Norunn, Heidi og Gunn Marit takkar for seg.

Nytt styre er Hanne Sofie Halland (leiari), Rita Birkeland, Geir Inge Høgås ,Elin A. Borge og  
Espen Angeltveit.

Fjelltrimfest vert laurdag 18.mars kl 14.00 på Sleire Grendahus.

Så er det ny påmelding på appen 1.april.

### Volleyballtrening 2022.

Volleyballtreninga forgår i gymsal på Nordbygda skule også for deltakarar eldre enn  
grunnskulealder. Hensikta er aktivitet og glede av å spele volleyball. Innholdet i treningane  
er oppvarming, trening på teknikk, men mest spele volleyball.  
Det er flest deltakarar frå Nordbygda, men òg deltakarar frå Gulen. (Volleyballtrening for  
både damer og menn på søndagar har bra deltaking, varierer mellom 4 til 17 personar, oftaast  
rundt 9 personar. Ukrainske flyktningar har vore fast deltakarar. Litt teknikk og mest spel.  
Verkar som alle er fornøgde og svette!

### Bading på Matre

Risnes IL har som tidlegare år arrangert bading på Matre for sine medlemmer kvar onsdag i  
tidsrommet 18.00 – 20.00, i den perioden bassenget er ope for bading.

I 2022 er det fire personar som har bytta på å vere badevakt: Tove Mette Fagerheim, Joakim  
Fagerheim, Morten Gullaksen og Kenneth Kvingedal. I løpet av våren var det 60 badande, og  
i løpet av hausten 73.